



Tingvoll, 18.2.2023

Cowi AS
jlisk@cowi.com

FRÅSEGN – E 39 – ASTAD – BJERKESET – PLANPROGRAM FOR REGULERINGSPLAN

Det går i dag ein veg mellom Astad og Bjerkeset. Den er asfaltert, har gulstripe, og store delar av strekninga har gang- og sykkelveg. Det grunnleggande behovet for veg er altså dekt.

Det er altså tale om å dekke nokre nye behov vi trur vi kjem til å ha ein gong i framtida.

I den framtida Naturvernforbundet kan sjå inn i består problemet av at vi køyrer for mykje. Dette fører til ureining, eit klima og ein natur ute av kontroll. Løyser vi ikkje det problemet, har vi nok ikkje bruk for breie vegar det kan køyrast fort på litt ut i den framtida.

Naturvernforbundet meiner at det ikkje er behov for ny veg mellom Astad og Bjerkeset når vi tar klimakrisa på alvor og trafikken går ned til det halve eller endå mindre.

I pkt. 4.3.1 i forslag til planprogram står det: «Det er forventet meir trafikk gjennom Batnfjorden når nytt akuttsykehus er ferdig bygd på Hjelset og E39 blir ferjefri.» «Meir trafikk» krev løysingar. Det er politikk å bestemme om ein skal la det bli meir trafikk eller om ein skal gjere noko slik at det blir mindre trafikk. Viss vi skal ha ei god framtid på kloden, så er det sannsynleg at det må bli mindre trafikk. La oss i det minste få sjå at det blir greidd ut med føresetnaden om at trafikken blir redusert til det halve av i dag.

Trafikk gjennom sentrum i Batnfjorden vil det også vere med ein ny veg. Viss ein kan redusere totaltrafikken til det halve på noverande veg, vil det truleg gje mindre trafikk i sentrum enn om ein legg ny veg på utsida, med ein trafikkvekst slik han blir av seg sjølv.

Det blir dyrka mat langs elva mellom Astad og Bjerkeset i dag. I framtida kjem vi også til å ha bruk for mat. Alt tyder på at vi til og med treng meir mat, sidan vi kjem til å bli fleire munnar å mette. Å bygge veg i matfatet er ikkje greitt. Særleg ikkje når vi har veg frå før, og at det ikkje kjem til å bli nedlagt vegar i samband med at det blir bygd ny. Dei som legg seg svoltne vil ha lite interesse for at det er spara 90 sekund i reisetid.

Noko av grunngevinga for ny veg er at det vil bli fleire som skal bu i Batnfjorden og arbeide på Hjelset. Fleire som bur på same stad og arbeidar på same stad er eit perfekt utgangspunkt for kollektivløysingar. Det går i dag buss kvar time, og frekvensen kan bli vesentleg tettare i framtida om det blir fleire brukarar. Vi ber difor om å få utgreidd kollektivløysingar som dekker både lokaltrafikk

og gjennomgangstrafikk på strekninga. Kva skal til av tilrettelegging for at både tilsette, pasientar og andre vil bruke buss?

Viss bilane køyrer forbi i 90 km/t og bussen skal køyre gamlevegen, vil dette ha innverknad både for gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk med buss. Vi vil sjå løysingane på dette, slik at ein kan få minimum ei auke av bussbruk i framtida.

Til pkt. 3.2 i i forslag til planprogram

På slutten av dette punktet er det i pkt. 2 lista opp nokre løysingar. Vi tykkjer det er interessant at å «ta omsyn til natur» glimrar med sitt fråvere i dette punktet.

Parkeringsplassar langs hovudvegane blir borte kvar gong det blir gjort noko med vegane. Mellom Krifast og Hjelset er det no snart berre utfartsparkeringa på Fursetfjellet som gjer det mogleg å kome ut av vegen for ei nødvendig pause, eller eventuelt for å kome seg ut i terrenget. Merking så ein kan nytte slike plassar langs andre vegar er totalt fråverande, og det er ein tendens til at slike plassar blir borte også langs sekundærvegane. Inntil alle har sjølvkøyrande bilar, er det bruk for stader ein kan ta seg ei pause. Viss ein ikkje skulder på at ein driv med lunning når ein treng ein lur.

Utfartsparkeringa på Fursetfjellet treng elles busshaldeplass, så ein kan redusere bilbruken, og auke tilbodet til å omfatte også dei som ikkje har eller køyrer bil. Ca. 40% av innbyggjarane i Noreg har ikkje førarkort. Denne gruppa må ikkje gløymast.

4.3.2 Trafikkulukker

Vi har sett ein del hjortedyr på innmarka nær noverande veg. Som oftast går det bra, men det skuldast i alle fall langt på veg at hastigheita langs vegen er 60 km/t. Vi reknar med at det vil vere ein god del hjortedyr som vil krysse ein ny veg parallelt med den noverande. Med hastigheit 90 km/t er det ein betydeleg risiko for at dette vil føre til kollisjonar. Problemet er ikkje nødvendigvis ny veg, men at hastigheita går opp. Løysinga er i stor grad å redusere hastigheita. Viss ein må ha redusert fartsgrense på nyvegen i delar av året, så er det kanskje like greitt å satse på noverande veg?

Framande artar

Det er registrert ein del framande artar i aktuelt område. Så langt vi veit har det ikkje vore systematisk registreringsarbeid. Det kan bli store mengde masser som krev klarering før dei kan flyttast.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær